

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF
DATO: 24.01.2019
SAKSHANDSAMAR: Berit Berntsen
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Sjukehusapoteka Vest**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **003/19 Administrerende direktør si orientering pkt. 1**

STYREMØTE: **21.03.2019**

.....

Valstyre blei oppnemnd av styret i Sjukehusapoteka Vest HF i møte den 3. oktober 2018, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Linda Baug Tjore

Nestleiar: Marit Ceselie Svendsen

Medlem: Berit Berntsen

Valstyret fastsette valdagen til den 13. februar 2019. Valstyret vedtok at alle kunngjeringar om valet skulle skje elektronisk. Dersom det blei fleirtalsval eller det kom inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skulle sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og skje ved postsending. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista valde, utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval blei sett til 2. januar 2019. Valstyret mottok samla krav om forholdstalsval innan fristen frå Norges Farmaceutiske Forening (NFF) og Farmasiforbundet/Parat (FF/Parat).

Frist for å komme med valliste var 23. januar 2018. Valstyret mottok ei felles liste frå Norges Farmaceutiske Forening (NFF) og Farmasiforbundet/Parat (FF/Parat).

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat:

1. Gunvald Iversen, Sjukehusapoteket i Bergen, apotektekniker
2. Marit Jacobsen, Sjukehusapoteket i Haugesund, reseptarfarmasøyt
3. Marianne Saugestad, Sjukehusapoteket i Bergen, avdelingsleder

Varamedlemmer:

1. Ragnhild Winum, Sjukehusapoteket i Stavanger, apotektekniker
2. Siri B. Bjørhovde, Sjukehusapoteket i Haugesund, provisorfarmasøyt
3. Marianne Heggø Hansen, Sjukehusapoteket i Bergen, kontrollfarmasøyt
4. Nina Haakonsen, Sjukehusapoteket i Bergen, apotektekniker
5. Espen Frøvold, Sjukehusapoteket i Bergen, provisorfarmasøyt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2019, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet var kunngjort på Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Uprinta vedlegg: Protokoll frå valstyret i Sjukehusapoteka Vest 24.01.19.